

Merknadsvurdering frå 1. gongs høyring	
Plan:	Detaljregulering Åsgarden, BU2
Dato	17.11.2025
Offentlege instansar	
Kommentar	
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SMR)	
Barn og unge (Motsegn): I tillegg til snarvegen med føremål friområde i utkanten av planområdet, skal det etablerast ytterlegare ein snarveg som ligg meir midt i planområdet. SMR meiner det er viktig å få til og gje betre kontakt mellom bustadområda i øvre og nedre felt av planområdet og leikearealet midt i feltet. Snarvegen bør sikrast i plankartet.	I snarvegen midt i feltet er no sikra i plankartet (f_TV).
Det er usikkert om det er mogleg å oppnå tilfredstillande stigningsforhold med omsyn til UU på snarvegen. UU skal gje løysingar som er funksjonelle og brukbare for alle. Retningslinje barn og unge seier at leikeareal skal vere UU slik at barn uansett funksjonsevne kan nytte dei. SMR ber om at tilkomsten til leikeareala innanfor planområdet blir sikra med tilfredsstillanden stiging for UU i reguleringsplanen. Motsegn til dette er sikra i planen.	I føresegnene § 3.3.2 er det sikra at f_TV skal vere universelt utforma. Det er også lagt til at det er tillatt å jusere f_TV dersom det er naudsynt for å sikre universell utforming. Førespurnad om å trekke motsegn sendast saman med avgrensa høyring og offentlig ettersyn.
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	
Planfagleg merknad: I planomtalen pkt. 2.5 kan ein erstatte Statlege planretningslinjer for klima og klimatilpassing (2018) og Statlege planretningslinjer for samordna bustad- og transportplanlegging (2014) med Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2024) og Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024).	Dette er oppdatert og ligg i planomtalen punkt 3.5.
Samferdsel: Utfordringar i krysset fv.60 og Grebstadvegen og FK har fått fleire hendingar knytt til forholda her. Trafikk mot Aursneset nyttar gang og sykkelveg og busslomme for å komme inn på vegen, grunna kø i Grebstadvegen. Kryssing til sørlege haldeplass er også problematisk. Ikkje tilrettelagt for kryssing, med unntak av undergangen som er i dårleg forfatning og dårleg tilkomst. Kommunen må sjå kva avbøtande tiltak som er naudsynt for å sørge for at planforslaget ikkje forverrer dei trafikale utfordringane. Evt avbøtande tiltak må sikrast gjennom rekkjefølgekrav.	Kommunen er klar over utfordringane som er i krysset Grebstadvegen- Fv60 og manglande/utfordrande kryssingsforhold til busslomma på vestsida av fylkesvegen. Ei utbetring evt. flytting av krysset og etablering av ny over/undergang for å nå busslomma vil vere svært krevjande for eit slikt bustadprosjekt. Ei trafikkauke som blir generert av bustadprosjektet vil også være ein mindre del av totaltrafikken som nyttar dette krysset. Kommunen har vurdert at utbyggingsprosjektet ikkje har ein nær nok samanheng med naudsynte utbetringstiltak for krysset og trygg kryssing av fylkesvegen for at kommunen kan krevje rekkjefølgekrav i reguleringsplanen. Kommunen vurderer at dette må løysast gjennom andre prosessar. Dette er tidlegare omtalt ved 1.gongs politisk behandling av reguleringsplanen.
Kulturminne: Det stillast krav om arkeologisk registrering.	Arkeologisk registrering utført i perioden 03.10-06.10.2022. Det vart ikkje påvist nye verdifulle kulturminner får nyare tid innanfor planområdet. Fylkeskommunen trekte kravet om registrering 31.01.2025.
Barn og unge (motsegn): Forslaget følgje ikkje kravet som er sett i føringane i kommunedelplanen fei ein har sett minimum 50 m2 per eining til leikeplass (uteareal). I planen er det 48 m2. Tiltakshavar vil kompensere ved å stille høgare krav til innhald på leikearealet. Sjølvs med grønne forbindelser vil ikkje alle bustader i planområdet ha 50 meter til nærleikeplass. Det er ikkje store avika med vil å kommentere likevel. Kan ikkje sjå at forbindelsane er sikra i plankart eller føresegn. FK har motsegn til planforslaget om det ikkje sikrar dei grøne forbindelsane mellom bustader og leikeplass i plankart og føresegner.	Det er i oppdatert planforslag regulert inn ein tilkomstveg f_TV mellom internvegane f_KV1 og f_KV2. Dette sikrar ein universelt utforma forbindelse mellom utbyggingsområda og til leikeplassane. Denne vegen skal opparbeidast i 2 meter bredde og ha fast og sklisikkert dekke. Opparbeiding av den er sikra i rekkjefølgekrav § 5.2.1. Førespurnad om å trekke motsegn sendast saman med avgrensa høyring og offentlig ettersyn
Norges vassdrag og energidirektorat (NVE)	
Gir i si fråsegn ei generell tilbakemelding. Ingen spesifikke knytt til planforslaget.	Takast til vitande
Statens vegvesen (SVV)	
Det er fortau langs Åsvegen som knytt bustadfeltet til det overordna gang- og sykkelvegnettet inn mot sentrumsfunksjonane i sentrumsområdet og fergekaia. Med ei tosidig utbygging langs Åsvegen, får vi likevel til at ein ser nærare på om ein bør etablere tosidig fortau slik at også bustadane innanfor planområdet har eit tilbod og ein kan i større grad legge opp til godt plasserte kryssingspunkt over vegen.	Kommunen har vurdert innspilet til SVV om tosidig fortau til å vere noko vi ser på som naudsynt for trafikktryggleiken med mengden av bustader om etablerast på austsida av Åsvegen. Spørsmålet har også vore tatt opp politisk og det er gjort vedtak at fortau skal først heilt ned til Grebstadvegen og kople seg til eksisterande gang- og sykkelveg. Planområdet må utvidast for å få dette til. Fortauet skal ha minimum 3 meter bredde og 1,5 meter anna vegggrunn. Byggegrensa skal vere minimum 6,5 meter frå vegsat langs Åsvegen. Gangvegen skal vere ferdigstilt før 12. bustaden gis bruksløyve. Det er også vedtatt at løysinga bør ut å ei avgrensa høyring slik at ein sikrar medverknad frå aktuelle mynde og eigar av gnr.7 bnr.241.

Trafikkavviklinga ved fv.60, Grebstadvegen og Ullavikvegen er ikkje optimal. Med kort avstad til fergetermin vil trafikken langs fv.60 kome puljevis, og med venstresving av fylkesvegen vil en ein få stopp av trafikken med motgåande trafikk. Tett inn mot krysset er det eit kryss mellom vegane Grebstadvegen og Fauskevegen. Sjølv om nedlegging av Ullavik skule har redusert trafikken i Grebstadvegen og over krysset med fv.60, kan ein endra bruk av både det området og utbygginga innanfor planområdet føre til at utfordringane blir forverra. SVV ber om at dette blir vurdert nærare, og eventuelle tiltak blir teke inn som rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen.	Sjå kommentar under samferdsel til fylkeskommunen si fråsegn.
---	--